



SERVICEERKLÆRING

HEIMESJUKEPLEIE

([Helse og omsorgstenesteloven](#) § 1.1 og § 4.1)

MÅLSETTING:

Gje deg råd, bistand, vegleiing og nødvendig helsehjelp for å kunne:

- Meistre eigen helse
- Bu lengst mogleg i eigen heim
- Hjelp deg med fokus «Kva er viktig for deg»
- Førebyggje ytterlegare funksjonsfall

KVEN KAN SØKE?

Alle som oppheld seg i kommunen og som har behov for nødvendig helsehjelp.

Også pårørende, sjukehus, fastlegar og verje kan søke på vegne av nokon.

KVA SLAGS TENESTER KAN VERE AKTUELLE?

- Hjelp til grunnleggjande helse- og pleiebehov, samt omsorg ved sjukdom eller funksjonssvikt
- Hjelp til å meistre egen helse, oppretthalde god ernæring, råd og vegleiing i forbindelse med sjukdom
- Opplæring og vedlikehald av ferdigheiter for å ivareta egen helse
- Bistand og opplæring til nødvendig administrasjon av ulike medikament
- Behandling av sår for tenestemottakarar som ikkje kan reise til legekantoret, pga helsesvikt
- Omsorg ved livets slutt
- Støtte og vegleiing til pårørende
- Betjening av tryggleiksalarmar, til mottakar av heimesjukepleie

KVA KOSTAR TENESTA?

Heimesjukepleie er gratis

KVA KAN BRUKAREN/PÅRØRENDE FORVENTA AV KOMMUNEN?

- At vi yter tenesta slik det kjem fram i vedtaket, innanfor dei tidsrom vi er einige om og med innhald som er beskrive. Dette må til ein kvar tid evaluerast ved endring i helsetilstanden
- Vi yter tenesta med respekt og forståing for deg, din livssituasjon og din heim
- Du og dine pårørende opplever å bli ivaretatt og respektert
- At tieplikta overhaldast
- At personalet held seg til gitte lover og retningslinjer
- At personalet legitimerer seg ved bruk av namneskilt



Åmli kommune

Helse og omsorg

- Vi forpliktar oss til å bruke arbeidsantrekk eventuelt anna utstyr innan påkledning, etter kva arbeidsoppgåvene krev
- Vi samarbeider med andre tenester for å yte forsvarleg helsehjelp der det er nødvendig, i den forbindelse vil du bli bedt om å gi ditt samtykke

KVA FORVENTAR KOMMUNEN AV BRUKAREN/PÅRØRENDE?

- Du deltar aktivt i behandlingstiltaka og gjer det du kan klare sjølv
- Du møter den enkelte tenesteytar med respekt
- Det er ikkje akseptert med åtferd som trakassering, vald eller truslar
- At det blir gitt beskjed om du ikkje er heime eller ved andre endringar
- Du tar ansvar for at åtkomsten fram til din bustad/eigendom er framkommeleg, også vinterstid med snø rydding og brøyting samt at veiene er strødd visst det er glatt
- Du viser omsyn og ikkje røyker når tenesteytar er til stede og lufter godt 2 timer før tenesteytar kommer
- Du viser omsyn og ikkje nyttar rusmidlar når tenesteytar er til stede
- Du har husdyr på et eige rom eller i bur når tenesteytar er til stede
- At det gis løyve for tilpassing for bruk av hjelpemidlar i heimen og at du sjølv skaffar deg tilgjengelege hjelpemidlar du har behov for
- Du respekterer at tenesteytar er underlagt teieplikt og ikkje stiller spørsmål om andre pasientar
- Det skal være tilgjengeleg utstyr for helsepersonell til å utføre handhygiene, dvs såpe/tørkepapir
- Du bestiller sjølv reseptar, hentar ut medisin, og administrerer eige medisinbruk, dersom det er mogleg

TENESTEN OMFATTER IKKJE:

- Det ytes ikkje hjelp til funksjoner som du kan klare sjølv
- Følge til innkjøp, offentlege kontor, frisør, fotpleier, lege eller apotek
- Handtering av pengar, bank- og posttenester
- Persontransport
- Tillaging av varm mat
- Hjelp til husdyrhold
- Innkjøp av daglegvarer
- Snø rydding, hagearbeid og hente inn ved
- Åmli Kommune kan ikkje ta ansvar for drift, bruk eller opplæring av velferdsteknologiske løysningar som du eller dine pårørande har skaffa på eigenhand
- Heimesjukepleia er ikkje akutt helsehjelp



Åmli kommune

Helse og omsorg

KORLEIS GÅ FRAM FOR Å SØKE OM HEIMESJUKEPLEIE?

Du søker på tenesta sjølv, eller nokon søker på vegne av deg t.d. sjukehuset eller pårørende. Det finnst eige [søknadsskjema](#) til dette på kommunens heimeside og søknaden sendast til tenestekontoret.

- Tenestekontoret kontaktar deg for eit kartleggingsbesøk, vurderer og tildeler tenesta
- Dersom du treng tenesta kortvarig (under 14 dagar), eller det haster å få i gang tenesta, kan Heimesjukepleia sette i gang nødvendige tenester straks, utan å fatte vedtak
- Tenester som vil vare lengre enn 14 dagar må innom tenestekontoret for vurdering og vedtak i etterkant
- Du kan klage på tildelt teneste, dersom du ikkje er nøgd

KONTAKTINFORMASJON:

Tenestekontor:

E-post tjenestekontor@amli.kommune.no

Telefon [90 13 59 98](tel:90135998)

Heimesjukepleie:

Sjå kommunens [heimeside](#)

Heimesjukepleie vakttelefon (døgnbemann)

Mobil: [91886663](tel:91886663)